
Saknr: 2020/1246-1
Saksbehandlar: Ronny Skaar, Elin Molven
Wilhelmsen

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.02.2020
Fylkesutvalet		14.02.2020
Fylkestinget		03.03.2020

Krav til driftstilskot gjennom budsjettvedtak til kunst, kultur og idrett

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner innretning og retningsliner for driftstilskot gjennom budsjettvedtak slik dei ligg føre.
2. Fylkestinget godkjenner rettleiar i tilskotsforvaltning slik den ligg føre.
3. Naudsynt oppdatering/justering av innretning og retningslinene til driftstilskot og rettleiar i tilskotsforvaltning som ikkje er av prinsipiell karakter kan utførast av administrasjonen.

Samandrag

Vestland fylkeskommune lyser ut midlar til drift av verksemder innan kultur og idrettsfeltet som har fylkesfemnande/regional aktivitet og/eller verdi.

Tilskot til drift er eit av fylkeskommunen sitt viktigaste bidrag til finansieringa av kulturlivet og såleis fremje eit aktivt og allsidig kunst- og kulturliv i fylket. Kvar tildeling skal grunngjevast med klar forankring i dei fylkespolitiske målsettingane på kulturområdet. Grunngjevinga skal vere tydeleg formulert og tilgjengeleg, både internt og for allmenta.

Fylkesrådmannen legg fram forslag til retningsliner for driftstilskot gjennom budsjettvedtak og ein rettleiar i tilskotsforvaltning til kunst, kultur og idrett i Vestland fylkeskommune.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

3

- 1 Innretning og retningslinjer for: Tilskot til drift for kunst, kultur og idrett (gjennom budsjettvedtak)
- 2 Tilskotsforvaltning i Vestland fylkeskommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Tilskot er eit sentralt verkemiddel for fylkeskommunen. Dette er heimla i gjeldande regionale planar for kultur i Vestland fylkeskommune, Regional Kulturplan for Hordaland 2015 - 2025 og Kultur for alle, regional plan for Kultur i Sogn og Fjordane 2019 - 2027. Desse planane vil gjelde i det geografiske området dei er vedteke i fram til regional plan for kultur i Vestland er vedteke.

Vestland fylkeskommune forvaltar ei rekke tilskotsordningar som skal fremje eit aktivt og allsidig kunst- og kulturliv. Fylkesrådmannen vil i denne saka leggja fram forslag til innretning og retningslinjer for driftstilskot gjennom budsjettvedtak og ein rettleiar i tilskotsforvaltning til kunst, kultur og idrett. Både forslag til innretning og retningslinjer til driftstilskot og rettleiar i tilskotsforvaltning er lagt ved som vedlegg til saka. Rettleiaren i tilskotsforvaltning er ikkje heilt ferdigstilt, men vil bli oppdatert og samordna så snart som fylkeskommunen sine sentrale dokument som handbok i sakshandsaming m.m. vert ferdig. Dette vert å rekna som oppdatering/justering av dokumentet som ikkje er av prinsipiell karakter.

Offentleg støtte til eit kommersielt AS

Fylkeskommunen som tilskotsgjevar må vera merksam på faren ved at offentleg støtte kan vri konkurransen i ein marknad. Til dømes når eit kommersielt AS får offentleg støtte kan dei ha fordelar i motsetnad til konkurrentar som ikkje mottek den same støtta.

Ved utbetaling av offentleg tilskot til organisasjonar skal det alltid vurderast om det er fare for ei ulovleg kryssubsidiering, der det offentlege gjev tilskot til verksemder som er i konkurranse med private føretak. Det offentlege kan ikkje gje tilskot til konkurranseutsette verksemder om dette fører til ulovleg kryssubsidiering. For å dokumentera at ulovleg kryssubsidiering ikkje skjer, må det setjast i verk effektive tiltak. Slike tiltak kan til dømes vera å innføra regneskapsmessige eller organisatorisk skilje mellom aktivitetane. Fylkesrådmannen vil her visa til definisjon og krav til kva som er definert som offentleg støtte i EØS-avtalen artikkel 61.

Omgrepet «**staten**» skal her tolkast vidt. Det omfattar også regionale og lokale styresmakter, som fylkeskommunar. Lenke til artikkel 61. som inneheld regelverket om offentleg støtte i EØS-området:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/naringsliv/konkurransopolitikk/regler-om-offentlig-stotte-listeside/offentlig-stotte-generell-innforing-i-re/id430130/>

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtaksmynde på driftstilskot gjennom budsjettvedtak.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Driftstilskot på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå saka har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse: *Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle:* Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR* set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Fylkesrådmannen vil tilrå at innretning og retningslinjer for driftstilskot over driftsbudsjettet til Vestland fylkeskommune og rettleiar i tilskotsforvaltning vert godkjent og vedteke.

Fylkesrådmannen vil også tilrå at mindre endingar/justeringar i innretning og retningslinjer til driftstilskot og rettleiar i tilskotsforvaltning, som ikkje er av prinsipiell karakter, kan utførast administrativt når dette er naudsynt.